

## Rådmann i Sykkylven!

**18.11.2014**

Sidan 1.oktober 2014 har rådmannen i Sykkylven heitt May-Helen Molvær Grimstad. Ho er 46 år. I går, 29.oktober, kom ho etter invitasjon til klubben vår for å fortelje om seg sjølv og om korleis ho ser på oppgåva si som toppleiar for administrasjonen i kommunen.

Referat frå møtet finn du ved å klikke [HER](#).

May-Helen vaks opp på eit småbruk i Langevåg på Sula. Faren arbeidde på Devold, men starta etter kvart ei 2-manns-bedrift med produksjon av møbelstoff, saman med Leif Tomren. Her fekk May-Helen sitt første møte med møbelindustrien. Etter eit år på Fjellhaug Bibelskole, Oslo, tok ho utdanning innan statsvitenskap og offentleg administrasjon i Molde. Deretter flytte ho til Volda og studerte kommunal planlegging og administrasjon. Her fann ho han som ho seinare gifte seg med, Asle, då tilsett i Utgård møbelbedrift på Hareid. I 1993 vart ho vald inn på Stortinget som representant for Kr.F. Her var ho i 16 år, før turen gjekk tilbake til heimtraktene og mannen, som no arbeidde ved Hjellegerde i Sykkylven. Dei siste - nesten 5 - åra har May-Helen jobba som kommunalsjef i Giske kommune, med særleg ansvar for pleie, omsorg, helse, sosial og NAV. Som rådmann i Sykkylven vil ho jobbe for å gje politikarane eit så godt beslutningsgrunnlag som mogeleg, ved å greie ut og leggje til rette. Samstundes vil ho prøve å få til eit godt samarbeid mellom politikarane og administrasjonen. Rådmannen skal vere dei tilsette si stemme inn til politikarane, og så vere politikarane si stemme inn i administrasjonen, sa May-Helen Molvær Grimstad mellom anna. Det var særskilt interessant å høre henne fortelje, og dei mange spørsmåla etter foredraget vitna om at dette var forvitneleg stoff for alle. Det nye budsjettframleggget vert lagt på formannskapet sitt bord i neste møte, og mange vil nok følgje prosessen framover med årvakne øye!



President Jarle takka kommunen sin nye rådmann May-Helen Molvær Grimstad for godt føredrag og interessant orientering, medan den mannsdominerte forsamlinga (bileta under) kvitterte med stor applaus. Lykke til i ditt viktige arbeid, May-Helen!





Som de ser, damer, vi har god plass til fleire kvinner i klubben vår. Einaste kvinnen til stades i dette møtet - utanom føredrags-haldaren - var Ingjerd. Ho sit godt skjult bak May-Anita.

Kopiert av Olav P, mars 2015